

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Nasjonale deksamener - endring i forskrift - høyringsvar frå Høgskulen i Sogn og Fjordane

Høgskulen i Sogn og Fjordane har vurdert framlegg til endring av forskrifter om rammeplanar for GLU 1-7, GLU 5-10 og sjukepleieutdanning med sikte på tilrettelegging for nasjonale deksamener i utvalde fag i desse utdanningane.

Ved Høgskulen i Sogn og Fjordane er fagmiljøa generelt skeptiske til innføring av nasjonale deksamener som avgrensar institusjonane sin faglege fridom til utvikling av eigne studium. Høgskulen si vurdering er at dei nasjonale rammeplanane legg tilstrekkelege felles rammer for det faglege innhaldet i utdanningane.

Høgskulen har på den andre sida ikkje noko imot større openheit omkring karaktersetjing og kva kunnskapskrav som ligg til grunn for karakterbruk ved den enkelte utdanningsinstitusjon. Høgskulen meiner dette vert ivaretatt gjennom arbeidet i nasjonale fagråd og bruk av karakterpanel. NOKUT sine krav i studietilsynsforskrift og nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk legg og rammer for dette arbeidet. Når departementet no har bestemt at det skal gjennomførast nasjonale deksamener, vil vi prøve å legge til rette for dette, men vil peike på eit par problemstillingar som gjeld sjukepleieutdanninga.

a) Høgskulen i Sogn og Fjordane har to opptak i året til sjukepleieutdanninga, august og januar, i tillegg til ei samlingsbasert sjukepleieutdanning over fire år. Det vert arrangert eksamen i dette emnet i oktober og i mars, og for deltidskullet i november annan kvart år .

b) For HiSF vil ein deksamener i anatomi og fysiologi innebere at biokjemi og mikrobiologi må skiljast ut med eiga sluttvurdering, derfor vil det eventuelt vere ønskeleg at nasjonal deksamener også inneheld biokjemi og mikrobiologi.

Dersom det skal gjennomførast nasjonale deksamener alt hausten 2015, vil det krevje omlegging av studieplanar for studentar etter at dei har tatt til på utdanninga. Det er etter Høgskulen i Sogn og Fjordane si vurdering ei svært uheldig praksis.

Med helsing

Kari Thorsen